

Innbyggjarar i Alvervegen ved  
Håvard Alver med familie  
Nina og Arne Alver med familie  
Kjell Alver  
Kari Vågstøl  
Helge Remme med familie  
Janne Bauge Vangberg  
Charlotte Nordgard med familie

Alver Kommune  
Postboks 4  
5906 Frekhaug

Alver 30.03.2021

## Oppmoding til Alver kommune om å føre byggetilsyn med aktiviteten til Romarheim A/S i Alvervegen på gbnr. 137/815 og gbnr. 137/469

Alver kommune har plikt til å gjennomføre tilsyn i byggeprosjekt. Kommunen skal i hovudsak kontrollere om dei ansvarlege følgjer byggeløyvet og lovverket, jamfør plan- og bygningslova § 25-1.

Vi ber med dette om at det vert gjort byggeplasstilsyn med aktiviteten til verksemda Romarheim A/S på gbnr. 137/815 og gbnr. 137/469 i Alvervegen. I tillegg til byggeplasstilsyn ynskjer vi at det vurderast å gjere dokumenttilsyn og føretakstilsyn. Der kommunen har mynde til å føre tilsyn med i kva grad miljølover vert overhaldne, oppmodar vi på det sterkaste til at dette også vert ført tilsyn med. Alternativt invitera Statsforvaltaren i Vestland på tilsyn.

**Vi oppmodar Alver kommune til å koma til staden, gjerne uanmeldt, for å sjå om utbyggjar sin aktivitet er i tråd med løyver og reglar både i plan- og bygningslova og i anna lovverk.**

Det vesentlege er at tilsynet vert gjort på ein slik måte at det er egna til å avdekke regelbrot, slik lovverket seier, og naudsynt oppfølging etterpå.

### Bakgrunn:

Etter at Romarheim entreprenør starta si verksemd i Alvervegen, har det vore umåteleg mykje støyande og støvande aktivitetar til stor sjenanse og etter kvart stigande fortviling frå naboar.

Vi har påpeikt og klaga på manglande overhaldning av arbeidstider, støynivå, og store trafikk- og støvplager. Verksemda Romarheim AS har drive steinknusing i lang tid utan å ha meldt frå til Statsforvaltaren i Vestland om dette, samt at dei har tatt imot stein til knusing, noko vi meiner er ulovleg. Vi har meldt frå om dette både direkte til tilsette i verksemda Romarheim AS, til Alver kommune og til Statsforvaltaren i Vestland. Vi ber no om at det vert handla ovanfor denne verksemda.

## Dømer på kva vi har meldt frå om:

- Sommaren 2018 var det stor tørke. Medan andre knapt fekk vatne blomar, høgtrykksspylte Romarheim Entreprenør forskalingsmateriale heile fellesferien, med svært høgt støy- og vibrasjonsnivå kvar einaste dag. Dette til stor sjenanse for naboane som hadde ferie og ville nyte denne, men ikkje kunne ha opne vindauge i heten grunna støyen, eller vere ute før etter arbeidstid (denne sommaren vart arbeidstida overhalde). Vi kontakta kommunen undervegs, og også verksemda sjølv, utan at det vart utført støymålingar.

Det vert tidvis enno utført slik høgtrykksspyling. Det vil undre oss stort om vibrasjons- og støynivået som her oppstår, er tillate ovanfor naboane. Spylinga gjennomførast på ulike stader ute i friluft, utan at vi kjenner til om det er behov for særskilt avrenning for dette avfallsvatnet. Dei største betongbitane vert samla opp så langt vi kjenner til. Vi undrast på kva stoff forskalingane er sett inn med for at betongen lettare skal sleppe, om oppsamlinga av vaskevatt er tilfredstillande (er oljeutskiljar montert?), og om støy- og vibrasjonsnivået kan vere innanfor regelverket slik spylinga no føregår.

- Våren 2020: Romarheim starta eit stort sprengingsarbeid samt vegprosjekt i Alvervegen. Her gjorde vi ei rekkje erfaringar som gjorde at tilliten til seriøsiteten til firmaet etter kvart forsvann. Arbeidstider vart jevnt over ikkje overhaldne. Tilsette oppgav å ha fått andre løyver for arbeidstid enn det vi sjølve fekk oppgitt frå Alver kommune. Støy og støv var til umåteleg umake. Vi tenkte det var forbigåande, og venta berre på at det skulle ta slutt. Vi fekk vita at det skulle vare nokre månader, men i realiteten varte vegprosjektet frå februar til oktober. Naboar vart hindra i å komma seg fram om morgonen og til arbeid, barn måtte køyrast forbi området, og det var tidvis vanskeleg å få kontakt med sjåførane i dei store maskinene for å få passere. Ein gang måtte ein nabo kaste ein neve med grus på ruta for å få kontakt, etter å ha tuta og veiva med armane.

Ein nabo skreiv dette til Statsforvaltaren i Vestland:

*«Er svært plaget med støy fra anlegget, spesielt etter ferien. Det virker som bergveggen bak knuseren forsterker støyen. Å sitte på terrassen og føre en samtale er umulig. Støvplager er det også (...). Sand fyker ikke bare fra knusingen men også fra sandhaugene. Til tider må vi spyle bilen før vi kan kjøre. Vinduer og dører kan vi ikke ha åpne på dag. Og i varmen var det et helvete. Har også en kommentar til skytingen, av og til kan en tro det er jordskjelv, det klirrer i kjøkkenskap og huset rister.»*

Det var også fleire nestenulukker der det etter vårt skjønn kunne gått liv tapt. Vi veit at dette er underrapportert i firmaets eget RUH system, noko som kan sjekkast opp mot naboar sine erfaringar. Verksemda vart gjort merksam på hendingane utan at tryggleiksnivået vart betra. Det er ikkje rett, som kommunen har fått oppgitt, at dei mest berørte naboane var inviterte til dialogmøte, kun naboar *Romarheim AS* ynskte å ha møte med og definerte som dei mest berørte, var inviterte. Andre ante ingenting om møta, sjølv om vegbygginga føregjekk kun meter frå husveggen, og i høgste grad var berørte naboar. Om entreprenøren etter sommaren ikkje hadde registrert, eller fått meldinger om problem med støv fra knuseverksemda, slik dei oppgjev til statsforvaltaren, er det godt kjend no (bilete vedlagt).

Melding til Statsforvaltaren i Vestland sende Romarheim AS først inn *etter* at vi klagar på støy- og støvplagar. Ein av oss etterlyste hjå Statsforvaltaren kva entreprenøren hadde løyve til å driva med, og fekk då oppgitt at det slett ikkje førelåg noko melding til Statsforvaltaren frå

entreprenøren, slik dei pliktar å gje melding om. Meldinga som etter kvart vart sendt inn, inneheld også direkte feilopplysningar. Det er verken rett, som oppgjeve til Statsforvaltaren, at sprenging føregjekk om lag 1 gang i månaden, eller at den føregjekk mellom 07 – 15 på dagtid. Tvert om var det tidvis sprengingar fleire gangar for dagen, og dels til langt på ettermiddag/tidleg kveld. Dette kan både vi i Alvervegen og truleg halve Alvermarka stadfeste. Det var rystingar fleire skildrar som «enorme», bilete fall frå veggjen, ein kjøkkenbenk løsna frå veggjen. Fleire naboar tok etter kvart kontakt med verksemda Romarheim AS kvar for seg ettersom ein ikkje var «organisert» på nokon måte, og krov at det vart sett opp rystingsmålar. Ikkje alle krov målar, eller fekk tilbod om dette. Når målarane var installert var dei største sprengingane over, eller ein tok omsyn til målingane og nedskalerte sprengingane. Sjølv sagt burde entreprenøren installert dette hjå aktuelle naboar på førehand, eller gjeve tilbod om det.

Det er heller ikkje korrekt at steinknusing vart gjort for massar på staden, det har vorte kjørt betydelege mengdar stein *inn* på området for knusing. Vi er mykje opprørte over at entreprenøren utnyttar ein situasjon der det er lite tilsyn med kva dei driv med, og påfører nabolaget ulemper med støv, støy og transport for eigen vinnings skuld.

- Vinteren 2021: Steinknusaren går med svært høg støynivå, og med mykje støy-, trafikk- og støvproblematikk for oss i omgjevnadane. Støyen forstyrrar søvn og anna aktivitet også innomhus. Ein nabo måler støynivået på terrassen med sin mobilapp. Målingane syner støynivå tidvis oppe i 90 desibel. Ein annan nabo kontaktar kommunen, og gir melding om at det framleis vert køyrd mykje stein *inn* på området, til knusing. Dette vert også kommunisert til verksemda Romarheim, som meiner det kan vere at biler kjører inn til Hillestad sin tipp, sjølv om det er lett å sjå at bilane kjører inn på Romarheim AS sitt område. Etter vår forståing tek Romarheim AS imot desse steinmassane utan løyve til det, medan verksemda oppgit til statsforvaltaren at dei knuser eigne massar på staden. I samtale med Romarheim AS vert det etterspurd kva løyve dei har til å drive slik steinknusing, til dette svarar prosjektleiar ved verksemda at det veit ho ikkje. Ho lovar å komme tilbake til naboen med opplysningar om eventuell konsesjonen/løyve når ho har «funne det ut». Det skjer aldri.

Elles: det kan vere lagra ureine massar/saker/bygningsavfall på området som forureinar eller kan forureina, dels utan tilsyn/sikring. Vi har difor spørsmål til om aktiviteten på staden er i tråd med løyver som er gjeve frå Alver kommune. Er aktiviteten deira i samsvar med arealformål og føresegner i regulerguleringsplanen i dette planområdet?

Vi ynskjer å oppmoda kommunen til å føre tilsyn med det dei kan av drifta, og ved behov også undersøkje naboar sine erfaringar. Om grenseverdiar på støv og støy skal ha ein funksjon som vern for innbyggjarar mot næring eller industri som tek seg til rette, må dei kunna mållast. Sidan aktiviteten her varierar (og det mobile steinknuseverket akkurat no ikkje er tilstades), er det ikkje alle forhold ein vil få eit realistisk bilete av kun ved éin enkelt stikkprøve. Vi oppmodar derfor kommunen til å gjere eit grundig arbeid med tilsyn ved entreprenøren si drift over tid.

### Med helsing naboar i Alvervegen

Håvard Alver med familie, Nina og Arne Alver med familie, Kjell Alver, Kari Vågstøl, Helge Remme med familie, Janne Bauge Vangberg og Charlotte Nordgard